

2019

Årsmelding



Leikanger Frivilligsentral

Riverdalen 5

6863 Leikanger

www.leikanger.frivilligsentral.no

Dagleg leiar: Mona Teigen Kvam

Tlf: +47 90205489 Epost:

mona.teigen.kvam@sogndal.kommune.no

31.12.2019

Årsmelding 2019 Leikanger Frivilligsentral

| INNHALD | Side |
|--------------------------|-------------|
| Innleiing | 2 |
| Styret | 2 |
| Tilsette | 2 |
| Økonomi | 2 |
| Faste møter og samlingar | 2 |
| Aktivitetar | 3 |
| Avrunding | 5 |

INNLEIING

2019 vart eit år der Leikanger Frivilligsentral vart noko prega av utskifting av personale, flyttestressar og oppbygging av SystrondsBUI og møteplassar.

STYRET 2019

Styret i Leikanger Frivilligsentral har hatt 7 møter i 2019. 4 av møta vart avhaldne hausten 2019 med ny dagleg leiar.

| Namn | Rolle | Vald for perioden | Lag- og organisasjon |
|-------------------------|------------------|-------------------|----------------------------------|
| Dagrun Kløvik Nord | Fung. Styreleiar | 2018-2020 | Leikanger pensjonistlag |
| Arnt Ola Fidjestøl | Styremedlem | 2019- | Sogn og Fj. Fylkeskommune |
| Bjarne Sjøtun | Styremedlem | 2017-2019 | Leikanger jakt- og fiskelag |
| Henny Kristin Navarsete | Styremedlem | 2017-2019 | Politisk vald representant |
| Hanne Hoff | Styremedlem | 2018-2020 | Leikanger kommune |
| Petter Stenstadvold | Varamedlem | 2017-2019 | Systrond Speidargruppe |
| Sigrun Espe | Varamedlem | 2017-2019 | Handarbeidslaget Sans og Samling |
| Ingeborg Sivertstøl | Varamedlem | 2017-2019 | Politisk vald representant |
| Jorunn Nytingnes | Varamedlem | 2018-2020 | Leikanger kommune |

TILSETTE

Mona Teigen Kvam, dagleg leiar 50%, oppstart juli 2019

Dag Andre Mo, frivilligkoordinator 50%, oppstart august 2019

Åsmund Veigel Gaukstad, 100 % stilling, avslutta 1. mars 2019

Dagleg leiar møter som sekretær i styremøta til Leikanger Frivilligsentral.

ØKONOMI

Rekneskap v/økonomiavdelinga i Sogndal kommune. Kulturdepartementet tildelte tilskot til Leikanger Frivilligsentral på kr 414.000,-. Dette er maks statleg tildeling ved 100% stilling. Resterande budsjett er lokalt finansiert. Leikanger kommune, eigar av Leikanger Frivilligsentral, er største lokale tilskotsytar.

MØTER OG SAMLINGAR

Møter med kommunalsjef Gunnar Steine, dagleg leiar sin overordna i Leikanger kommune

Møter med fung. Styreleiar Dagrun Nord.

Nettverkssamlingar med Frivilligsentralane i indre Sogn (Årdal, Lærdal, Sogndal, Luster) og Frivilligsentralane i fylket(samlingar og årsmøte).

Samarbeidsmøter med kommunen rundt opning av Dagsturhytta.

Møter med ny kollega i Sogndal Frivilligsentral, Åge Vedvik, ny tenesteleiar, Jon Tvilde, og resten av kulturavd i nye Sogndal kommune.

Møter med styreleiarar for begge Frivilligsentralane i Leikanger og i Sogndal.

Møter med lag og organisasjonar i Leikanger.

Møter med leiar for tiltaket «arbeid og aktivitet» i høve kafedrift og oppgåver tilknytt SystrondsBUI.

Møter med kommunen i planteikningsutforming av Frivilligsentralen sitt lokale i nye 3.etasje, Safen.

AKTIVITETAR

Lokaler

Frivilligsentralen flytta sin kontorstad frå Tinghuset til Saften

Møteplassen flytta frå 3.etasje til 2. etasje på Saften

Utstyrssentralen flytta frå biblioteket til SystrondsBUI, 2. etasje Saften

Frivilligsentralen sin kontorstad er etablert i SystrondsBUI i påvente av at lokala i 3. etasje blir klare.

Presentasjonsrunde Leikanger Pensjonistlag

Dagleg leiar presenterte Frivilligsentralen, og vårt ynskje om å vere brubyggjar og legge til rette for møteplassar i bygda. Pensjonistlaget er aktive frivillige i Leikanger.

Lag og organisasjonar

Ringe- og kartleggingsrunde til skular, lag og organisasjonar i Leikanger:

- opprette kontakt og bygge nettverk
- informere om oppbygging av SystrondsBUI
- invitere til samarbeid

Dialogmøter med fleire lags- og organisasjonsrepresentantar.

Konferansar / besøk

Ekstraordinært årsmøte Norges Frivilligsentralar avd Sogn og Fjordane (tilskotsendring)

Frivilligdagen på Sandane

Besøk Florø Frivilligsentral (anna driftsmodell)

Lærdal Frivilligsentral

Sogndal Frivilligsentral

Opplev Leikanger

Samarbeid med Opplev Leikanger, og bidrag inn til Fruktbare Dagar.

Sommarmoro og haustmoro

Sommarmoro vart avvikla innan dagleg leiar byrja i stillinga. Tilbakemeldingane var at dette var vellukka.

Haustmoro vart del av Fruktbare dagar, der me nytta resterande midlar til aktivitetar for born og unge, samt filmkveld til ungdommar. Tor Talle og ungdomsbasen var delaktige arrangørar på kvelden.

Småspretten

- Tilskot, handling og levering av utstyr til denne (private) gruppa, for små born
- Aktivitet tilsvarande barneidretten

Open Hall

- Open hall er som eit «mini-leikeland» for mindre ungar, der foreldra har ansvar for tilsyn av sine egne born. Det er gratis og eit tiltak mot barnefattigdom og utjamning av sosial ulikskap
- Dette er ein møteplass for både born og vaksne
- Tilskot, handling, lagring og organisering
- Gjennomført ca 1 gang i månaden(søndagar) i idrettshallen
- Frivilligsentralen har etter kvart fått lag og organisasjonar til å ta desse søndagane på dugnad
- På tribuna ynskjer ein å tilby ein kaffikopp til dei vaksne, som gjerne kan ta seg ei pause og snakke med andre vaksne.

Opning av dagsturhytta på Kleppa

- Planleggingsmøter i forkant
- Diverse oppfølging i etterkant; utskifting av bøker – stempel, henting og utlevering av bøker m.m.

Juleavslutning flyktingetenesta

- I regi av Anna Hamre/flyktingetenesta, kor Frivilligsentralen bidrog med bevertning til tilstellinga.

Fruktbare Dagar

- Kick off «Open Hall»
 - o bidrag frå a-lagsspelarar med fotballaktivitet for borna
 - o inne-bandy
 - o klatregruppa med klatring
- ansiktsmåling og fletting, og barneriding var booka, men blei avlyst i siste liten
- kunstutstilling på Møteplassen

SystmondsBUI

- Tilskot på kr 100.000,- frå BUFdir til nytt utstyr
- Gjennomgang gammal utstyrssentral
- Kartlegging av ulike utlånsordningar
- Anbodsrundar og innkjøp
- Innkjøp reolar, oppheng, merkelappar

- Prosjekt; utvikle online booking-system. Paraplyordning - Sogndal og Balestrand kan bli med under same utlånsordning.

Møteplassen

Møteplassen har teke form, og er i dag eit greitt lokale, eigna for aktivitetar og ein stad å møtast.

Då Frivilligsentralen flytta inn i Saften, var det ein del møter for å avklare at Møteplassen som lokale framleis skal disponerast av Frivilligsentralen, noko som blei stadfesta.

Arbeid og aktivitet har «kafe Møteplassen» i lokalet, og me har elles hatt ulike aktivitetar der utan at det er blitt fast mønster. Det er lagt planar for nye aktivitetar som til dømes strikkekafe, bridge-kurs nybyrjarkurs for born og unge, fotoframsyning / historieforteljingar, hobbykveldar, gå-grupper, ein-til-ein-dataundervisning etc.

Lokalet er ulåst, og det annonserast om at alle kan nytte lokalet.

Me har ildsjeler som ynskjer å starte ulike kveldsaktivitetar der, og i høve dette har Frivilligsentralen handla inn symaskiner, lerret og måleutstyr, spikkeknivar, brennar med meir.

Sogn Frisklivssentral

Møte med Sogn Frisklivssentral - planlagt felles aktivitet og møteplass. Samarbeid med Systrening, idrettshallen og Møteplassen. Eit einsemd-tiltak spesielt retta mot diagnose-grupper og personar som går heime av ulike grunnar.

Julelunsj

Julelunsj på Herman for Mona og Dag-Andre.

AVRUNDING

Det har vore eit litt spesielt år, der Åsmund Veigel Gaukstad slutta i stillinga som dagleg leiar, 1. mars 2019. I perioden etter dette kom Malin Riple inn, men ho avslutta arbeidsforholdet i kommunen, og slutta i midten av juli 2019. Dette har prega drifta og aktivitetane hjå Leikanger Frivilligsentral store deler av året.

Frå juli var dagleg leiar i drift i 50% stilling, og frivilligkoordinator i 50% stilling frå august. På hausten har det vore eit høgt aktivitetsnivå, og ein har fått utretta mykje på kort tid. Det var gitt frist på midlar til å bygge opp SystrondsBUI, med utløpsfrist 31.12.2019. I tillegg var det høg møteaktivitet og mykje administrativt arbeid på dagleg leiar, då det dukka opp viktige saker som måtte prioriterast og avklarast under vegs. Styret har vore ein særskild viktig aktør i desse prosessane.

Leikanger Frivilligsentral er teken godt i mot i Saften, og av lag, organisasjonar og bygdefolket på Leikanger. I 2020 vil det bli fokus på oppstart av aktivitetar og ei meir aktiv marknadsføring. Sjå elles gjeldande handlingsplan 2019-2020.